

GDPR: - Slik behandlar du personopplysningar i idrettslaget

Det nye personvernregelverket til EU (GDPR) stiller klare krav til alle som behandlar personopplysningar – også idrettslag.

Personopplysningar er opplysningar og vurderingar om ein enkeltperson. Å behandla personopplysningar vil seia ei kvar handtering av personopplysningar. Dette betyr at alle idrettslag som registrerer opplysningar som f.eks. namn, adresse og fødselsdato om medlemmer, tillitsvalde, frivillige eller tilsette behandlar personopplysningar. Ein konsekvens av dette er at det enkelte idrettslag må ha god kontroll på personopplysningar og må også kunna dokumentera at opplysningane vert behandla i tråd med personvernregelverket (internkontroll for behandling av personopplysningar).

Alle retningslinene som laget må følgja ved behandling av personopplysningar finn du i hovedmenyen under ***Laget/Organisasjonsplan.***